



Klimaråd Hordaland

Dato: 14.06.2016

Vår ref.: 2016/3246-22

Saksbehandlar: gudmath

Dykkar ref.:

Møtereferat frå Klimarådet 23.05.2016

Møteleiar	Pål Kårbø
Referent	Gudrun Mathisen
Møtedato	23. mai 2016
Tid	12 – 14
Møtestad	Fylkeshuset, møterom Sunnhordland
Deltakrarar	Fylkesvaraordførar Pål Kårbø, Hordaland fylkeskommune. Leiar Region Vest: varaordførar Tom Georg Indrevik, Fjell Bergen: byråd Julie Andersland Nordhordland: ordførar Jarle Skeidsvoll, Osterøy Bergensalliansen: ordførar Øyvind Oddekalv, Meland, ordførar Kaare M. Kleppe, Tysnes Sunnhordland: ordførar Wenche Tislevoll, Fitjar Hardanger: ordførar Jon Larsgard, Jondal, ordførar Ingebjørg Winjum, Granvin Voss: varaordførar Sigmund Hauge Ungdommens fylkesutval: Martin V. Jonsterhaug – vara
Administrasjon	Bergen kommune: klimasjef Eva Britt Isager. Hordaland fylkeskommune: klima- og naturressurssjef Sølve Sondbø, seniorrådgjevar Karen Nybø, spesialrådgjevar Einar Aalen Hunsager, seniorrådgjevar Gudrun Mathisen
Fråvær	Ordførar Jorunn Skåden ordførar Karstein Totland, Randi Jensen UFU
Innleiarar	Seniorrådgjevar Per Vikse, Bergen kommune, miljøleiar Even Husby, Bergen og Omland Havnevesen, dagleg leiar Vegard Frihammer, Greenstat

Møtet starta med ein enkel lunsj kl. 11.30 på møterommet.

Innleiing

Fylkesvaraordførar Pål Kårbø ønskte velkommen og innleia om Energimeldinga Meld. St.25 (2015-2016) Kraft til endring, om landstraum, hydrogen og ny bestilling til Enova frå OED? Sjå vedlegg.

Frå diskusjonen: Vi er nøgde med Enova, kan vi gjere meir?

Wenche Tislevoll er leiar i Norske vindkraftkommunar, var på møte i Stortinget 10. mai. Det går raskt med Energimeldinga. Julie Andersland: Vi kan påverke stortingspolitikarane.

TEMA 1 Klima- og miljøvenleg hamn

Miljøtiltak i hamneområdet. spesialrådgiver Per Vikse, Bergen kommune:

Renere havn Bergen (RHB). Opprydding av gamle forureiningar.

Prosjektet er del av eit nasjonalt program for opprydding av sjøbotnen i prioriterte område langs norskekysten. Havbotnen i Vågen, Puddefjorden og Store Lungegårdsvann er forureina av miljøgifter som PCB, PAH og kvikksølv. Kjelder på land fører til meir forureiningar og hamneaktivitetar spreiar den. Bergen brukar store ressursar på å betre vasskvalitet i Byfjorden. Forureina sediment står att. Byfjorden, Raunefjorden og sørlege delar av Hjeltefjorden har kosthalderåd.

1/10.000 av Vågen er grave opp og rundt 3000 arkeologiske funn er katalogisert. Regjeringa har løyvd 116 mill til å reinse Puddefjorden. Arbeidet starta 2015. Tildekkingsforsøk i Kirkebukten på Laksevåg er vellukka. Tiltaket går ut på å dekke botnen med tunnelboremassar (TBM) frå Ulrikstunnelen. Massar vert henta frå Ytre Arna, frakta med lekter til Puddefjorden, ført ned med røyr og dekker forureina botn i eit lag på 40 cm. Prøver syner gode resultat.

Miljøleiar Even Husby Bergen og Omland Havnevesen: Miljøplan og utbygginga av landstraum.

BOH sitt daglege miljøarbeid omfattar rydding av farvatn for 11 kommunar, rydding av hamnebasseng, grøne bygg, vedlikehald, handtering av avfall frå skip, kosting av gater og kaier, beredskap – oljevern og landstraum for stor og liten båt. Dei største kjeldene til CO₂-utslepp frå offentleg kai i Bergen er Offshore med 52 % og cruiseskip med 32 %. Offshore har mykje høgare liggetid og fleire anløp per månad. Miljørabatt er innført frå 2016.

BOH deltek i FoU-prosjekta Zero Maritime og Green Cruise Port.

BOH ønskjer svar på kva som er kjelder til redusert luftkvalitet i sentrum, kva er bidraga frå skip i hamn, kva vil flytting av skip seie, kva tiltak vil gi best effekt, kva er effekten ved auka bruk av LNG og landstraum, kva er verknaden i situasjon med inversjon. Miljøplan med tilråding vert lagt fram i juni, med framlegg om miljøsertifisering og EcoPort.

Landstraum er sit stort tiltak. Enova har ikkje gitt tilsegn i første omgang gongen. BOH søkte om 185 mill, 82 mill vart tildelt. BOH vil sökje i neste runde.

Det var lite informasjon om rammer for tildelinga.

Spørsmål, diskusjon

Leirvik er plaga med støy frå hamna, landstraum vil redusere problemet til bustadområda. Bømlo Skipsservice har fått støtte frå Enova.

Cruise-skipa. Landstraum har lågare kost-nytteverdi, men er viktig. Utslepp frå cruiseskip er ikkje berre eit bergensproblem. Det er også interessant for nabofylka.

Hurtigruta vert elektrifisert og skal vere operativ frå oktober 2016.

TEMA 2 Hydrogensatsinga på Vestlandet

Greenstat: Om hydrogen i Hordaland. Planar for produksjon, bruk i transport på sjø og land. Vegard Frihammar

Greenstat var etablert i 2015, hentar inn ny kapital og satsar på kommersiell drift frå 2017.

Greenstat har 3 satsingsområde: 1. Insight 2. Local energy. 3. Hydrogen.

Noreg sin energistatus for 2015 har ein stor del fossil energi. Energiscenario for 2050 vil sjå annleis ut, Greenstat vil gjerne ha eit samarbeid med fylket om å utvikle det.

Local energy er ei satsing på kompleks energimix, med nye forretningsmulegheiter for nye spelalar.

Greenstat arbeider for produksjon og bruk av hydrogen. Aktuelle tiltak: Etablering av hydrogenfyllestasjon i Bergen, bruk i skip, industriell bruk – intensjonsavtale med TiZir og SKL, eksport.

Hydrogenfyllestasjon – Enova er viktig for finansiering, men dei er ein flaskehals. Mange må trykke på. Energimeldinga er eit godt kunnskapsdokument, men har lite politikk på hydrogen.

Referat frå møte den 2. 3. 2016. Godkjent

Generelt: Når du svarar på ein e-post, send svaret til administrasjonen, ikkje til alle.

Nytt møte mandag 5. sept.

Forslag til tema

Skyss – fossilfri transport. Gass utanfor Bergen. Taxinæringa. Kollektivtransport. Lyntog.

VEDLEGG

Klimarådet 23. mai 2016. Innleiing ved Pål Kårbo

Meld. St. 25 (2015-2016) Kraft til endring - energipolitikken mot 2030

Regjeringa la fram stortingsmeldinga om framtidas energipolitikk fredag 15. april 2016. Høyring av meldinga var tysdag 10. mai, medan handsaming i Stortinget skal vere 13. juni. Saksordførar er Tina Bru (H).

Fylkesutvalet fekk ei kort referatsak om meldinga torsdag 19. mai.

Sjølve Energimeldinga er lang og har ein omfattande gjennomgang av energisektoren. Regjeringa vil prioritere fire hovudområde for energipolitikken mot 2030:

1. Styrka forsyningstryggleik
2. Lønsam utbygging av fornybar energi
3. Meir effektiv og klimavenleg bruk av energi
4. Næringsutvikling og verdiskaping gjennom effektiv utnytting av lønsame fornybarressursar

Det som er av interesse her i dag, er kva Energimeldinga seier om høvesvis landstraum og hydrogen. Om Landstraum (s.204 og 205):

«Regjeringen vil legge til rette for bruk av landstrøm i norske havner. Enova skal være med på å bygge opp under en markedsbasert utvikling av landstrøm. Det er aktuelt å tilby investeringsstøtte i en overgangsperiode. Det ileses lav sats på elavgift ved kjøp av landstrøm til skip»

«Enova har kartlagt markedsgrunnlaget for landstrøm i norske havner. Kartleggingen viste at markedsgrunnlaget for landstrøm i stor grad avhenger av liggetid, antall skip og deres størrelse. Bergen, Oslo og Stavanger har havner med størst potensial.»

Vi får høyre meir om landstraumplanane i Bergen hamn. Enova tildelte i førre veke støtte til Bømlø Skipsservice AS med 11,25 mill. kr og KS Coast Center Base med 15,67 mill. kr. Til saman har vi i Hordaland fått nesten 27 millionar kroner av i alt 82 mill. til landstraum, og det skal vi ikkje vere misfornøgd med. Det er 1/3 av tildelt beløp. Kva seier Energimeldinga om hydrogen?

*«Regjeringen vil etablere en egen strategi for satsing på hydrogen.» (s. 10)
 «I forbindelse med Enovas neste avtaleperiode vil regjeringen legge til rette for at Enova har et støtte-tilbud for hydrogenfyllestasjoner. Enova skal følge utviklingen i markedet for hydrogenkjøretøy tett, og bidra til å redusere barrierer for et velfungerende marked for hydrogen som drivstoff.» (s. 226)*

Enova er gjennomgåande nemnt som eit heilt sentralt verkemiddel i Energimeldinga.

«Enova har fått nye oppgaver og økte bevilgninger. Regjeringen har gitt Enova i oppdrag å bidra til reduserte klimagassutslipp i transportsektoren.

Regjeringen legger opp til at Enovas overordnede mål skal være reduserte klimagassutslipp og styrket forsyningssikkerhet for energi, samt teknologiutvikling som på lengre sikt også bidrar til reduserte klimagassutslipp.

Enova kan rekruttere prosjekter fra alle sektorer. Prosjekter som gir reduserte klimagassutslipp prioriteres. Dette inkluderer også teknologiprosjekter som kan gi reduserte klimagassutslipp globalt.» (s.9)

«Regjeringen legger opp til at Olje- og energidepartementet inngår ny avtale med Enova for perioden 2017–2020 basert på den eksisterende styringsmodellen.» (s. 10)

Som nemnt skal Energimeldinga opp i Stortinget 13. juni. Det er ikkje lenge til. Førre stortingsmelding er frå 1999, altså 17 år sidan, og det er på høg tid at vi får ein oppdatert energipolitikk. Ikkje minst fordi vi har fått ein heilt anna forståing av kor viktig samanhengen er mellom klima og energi.

Eg har ikkje lagt opp til at Klimarådet skal handsame Energimeldinga, til det er tida for knapp. Men den gir eit viktig bakteppe for det vi har på programmet i dag, og den vil få mykje å seie for korleis vi kan arbeide framover.